



Naturvernforbundet i Buskerud

Martin Lindal
Bråtan 11
3022 Drammen
e-post: buskerud@naturvernforbundet.no
Tlf: 99604555

Drammen 28.01.2021

Hemsedal Kommune.
Hemsedalsvegen 2889
3560 Hemsedal
Epost: postmottak@hemsedal.kommune.no

HØYRING DETALJPLAN KJELHOVDA - PLAN-ID: 2019011

Naturvernforbundet i Buskerud vil med dette kome med eit høyringsuttale i samband med høyring og offentlig ettersyn - detaljregulering for Kjelhovda.

Kjelhovda

Området er eit tidlegare stølsområde, med myr og vatn. Beiteområdet er av varierende kvalitet, vegetasjonen er skinn bjørkeskog. Det er spreidd hyttebebyggelse i området. Landskapsmessig er det adskilt fra skisenteret lenger vest. Reguleringplanområdet kransar seg rundt Kjelhovda.

Landskapøkolog Siri W. Bøthun - Sogn naturforvaltning beskriv Kjelhovda på denne måten: "Kjelhovda er ei kolle med ein viktig landskapsmessig funksjon. Den ligg plassert midt i dalen, på ein slik måte at den i seg sjølv vert eit blikkfang, og dessutan slik at den stenger av sikten vidare innover i dalen sett frå nedsida, og vidare utover/nedover dalen sett frå oversida. Kjelhovda er difor ein landskapsformasjon som gjer at ein i den elles storskala dalforma i Holdeskardet, får danna underordna, mindre landskapsrom både mot vest og mot aust. Desse landskapsromma har heilt ulike karakterar. Den vesle kolla både skapar, og markerer, eit viktig skilje mellom skogsområde prega av skiaktivitet og moderne fritidsutbygging og fjellområde med vatn og myrar, og prega av stølar og utmarksbeite. Kollen ligg plassert i dalbotnen akkurat på terskelen der den slake fjelldalen munnar ut, og går over i ein brattare, og dessutan vidare del ned mot hovuddalføret (Hemsedal). Denne funksjonen som skilje mellom både arealbruk (fritidsprega kontra utbygging) og naturmiljø (skogsli kontra

fjellområde) og dessutan landskapspreg (bratt kontra slak dal) er underkommunisert i plandokumentet.”

Naturvernforbundet meiner at dette er ei god beskriving av Kjelhovda. Den gir landskapet eit særpreg, og den bør bevarast som den er i dag.

Historikk

Naturvernforbundet vil minne om den heftige debatten som var då Breidalen blei definert som ein del av skisenteret på slutten av 80-talet. Hemsedal kommune var også kritisk til Ål sine planar om hyttebygging i sine område ved Beihovd og Fagerdalen. Desse planane blei heldigvis stoppa av fylkesmannen. Nå blir det planlagt ein hytteby på 50 hytter på Hemsedal si side, mest utan at det er debatt om saka.

I konsekvensutgreiinga er verdien av området justert ned fra høg verdi til liten eller middels verdi.

Grunnen til denne justeringa skal vera nærleiken til dei store utbyggingane i skisenteret lenger vest. Med bakgrunn i at denne utbygginga har skjedd på falske premisser, med lovnader om skitunell og badeanlegg i verdensklasse, blir dette heilt feil. Med ei slik vurdering kan resten av Holdeskaret byggjast ned med hytter. Området rundt Kjelhovda er i praksis skjerma frå utbygginga som har skjedd i skisenteret. Å åpne opp for eit tettbyggt hytteområde som dette vil gi området eit heilt anna visuelt uttrykk enn i dag. Det vil endre karakteren til området fullstendig.

Utbygging i strid med eigen kommuneplan.

Regjeringa la i 2019 fram nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planleggjing for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Regjeringa forventar at av hensyn til friluftsliv, landskap og naturmangfold er det viktig å ikkje etablere nye hytteområde over skoggrensa. Sjølv om Kjelhovda ligg i fjellbjørkeskogen, meiner me at planene er i strid med desse forventningane.

Naturvernforbundet meiner også at utbygginga er i strid med kommunen sitt eige planprogram.

Me viser til link frå samfunnsdelen under:

<https://www.hemsedal.kommune.no/siteassets/hemsedal/plan-og-kunngjeringar/2.-kommune-planar-reglement-og-retningsliner/samfunnsdel---vedteke-av-k-styret-07052020---k-sak-52-20.pdf>

På side 4 i gjeldande planprogram for samfunnsdelen blei det vedtatt at kommunen sine lokale mål skal følge FN's 17 utviklingsmål for bærekraft. FN's bærekraftsmål nr. 15.4 er definert som følgjande.: «Innen 2030 bevare økosystemer i fjellområdet, inkludert det biologiske mangfoldet der, slik at de skal bli bedre i stand til å bidra til en bærekraftig utvikling.» Naturvernforbundet meiner derfor at reguleringsplan for Kjelhovd er i strid med kommuneplanen sin samfunnsdel. Dette viser tydeleg problemet med å lage kommuneplanen sin arealdel før ein vedtar samfunnsdelen.

I følgje Sabima er arealendringa den største trusselen for rødlista arter.

<https://www.sabima.no/hva-truer-naturen/arealendringer>

Ei hytte i dag er som eit hus nr.2, men alle fasilitetar ein har heime og kanskje litt til. Ei hytte legg beslag på om lag eit dekar, i tillegg kjem infrastrukturen som vegar, parkeringsplasser, straumforsyning og anna. Alt dette fører til auka klimautslepp og auka belastning på naturen.

Villrein

Norge har eit særskilt internasjonalt ansvar for å ivareta villreinen.

Villreinen er ein "paraplyart", den er arealkrevande og vandrar mykje gjennom året for å finne eigna beiteområde til ulike årstider. Bakgrunnen for det er det ustabile livsgrunnlaget fjellet kan tilby. Fjellområda er også leveområde for mange andre dyr, fuglar og planter, som på sine måtar er tilpassa eit liv i fjellet. Lukkast me å ta vare på ttore nok areal for villreinen, vil me også sikre leveområda for veldig mange andre artar.

Når regional plan for Nordfjella blei bestilt av Miljødepartementet, var premisset at også ei randsone utanfor leveområdet skulle vera med som ein del av planen. Dette skapte stor motstand hos kommunane som var involvert, og randsone blei derfor ikkje ein del av planen. Poenget med ei randsone var at ein på eit tidleg stadium i ein planprosess kunne avklare korleis planane kunne påverke livet til villreinen.

For å bøte på mangelen av ei randsone blei det lagt inn føringar i regionplanen. Dette måtte gjerast for at planen skulle bli godkjend, og vedtatt av dei ulike fylkestinga.

Under§2.9 Naturmangfold står det følgjande: *"I oppfølgende kommunal planlegging skal kommunene ivareta naturmangfold i henhold til de rammer naturmangfoldloven setter. For planer og tiltak som kan påvirke villreinens leveområder, skal virkningene for villrein utredes særskilt (jfr. naturmangfoldlovens §§ 8-12). Planer og tiltak utenfor planområdet som kan påvirke villreinen i Nordfjella skal også utrede konsekvenser for dette (jfr. plan- og bygningsloven, naturmangfoldloven og forskrift om konsekvensutredninger)."*

Hemsedal kommune har ikkje gjort denne avklaringa i planarbeidet sitt. Det er etter vår oppfatning ein alvorlig feil ved saksbehandlninga.

Det er klart at ei større utbygging av hytter i Holdeskaret vil påverke villreinen sitt leveområde.

Reinen bruker område sitt syklisk. Villreinen har i lang tid hovudsakleg brukt dei vestlige områda av Nordfjella som vinterbeiteområde. Lavmattene der er nedbeita, mens dei i aust har bygd seg opp.

Dei siste åra før nedslaktinga begynte reinen å bruke områda i aust i større grad. Etter at gps-overvakinga starta i 2007 kunne me observere at villreinen i aukande grad trakk inn i områda aust for Reineskarvet. I 2014 kom ein stor flokk på fleire hundre dyr inn i området. Dei gjekk ei tid i Beihovdområdet, men trakk unna når løypene blei køyrd opp og folk kom inn i området. I år har dyr i sone 2. trekt rundt Hallingskarvet og har fra seinhausten og fram til nå gått på austsida av skarvet, rundt Prestholt og Budalsområdet. Ei omfattande hyttebygging ved Kjelhovda vil føre til auka ferdsel innover i Holdeskaret. Det vil også føre til auka press for å fleire skiløyper i området. Villreinen er var for menneskeleg aktivitet og vil slutte å bruke eit område når ferdselen kjem over eit visst nivå.

Fugl

Forskning viser at bestandane av fjellfuglar har blitt redusert med 10 prosent over heile Europa sidan årtusenskiftet. Forskningsresultata samanstill bestandsrendar for europeiske fjellfuglar. Mange fjellartar som er i tilbakegang er kjente og kjære innslag i den norske fjellheimen. Av disse artane kan me nevne lirype, fjellrype, gauk, heipiplerke, gråsisik, bjørkefink, lappspurv, sivspurv og snøspurv. Reguleringsområdet er eit karakteristisk leveområde for fleire av dess artane.

(Referanse:

<https://www.nina.no/Aktuelt/Nyhetsartikkel/ArticleId/4668/Urovekkende-utvikling-forfjellfuglene-i-Europa>).

I plandokumentet er fjellvåk nevnt registrert i området. I følgje artsobservasjonar.no, er også raudlista artar som lirype, bergirisk, blåstrupe registrert i området. Andre fuglearter som heilo, ringtrost, haukugle, tårnfalk, smålom, storskarv, ravn, heipiplerke, jernspurv, mfl. som er registrert i nærområdet dukkar heller ikkje opp i planomtalen. Dette tyder på at kunnskapsgrunnlaget når det gjeld fuglefaunaen ikkje er på plass. Naturvernforbundet meiner at det bør gjerast ei ny undersøking når det gjeld fuglefaunaen i området til våren.

Myr

Myr er ein sær viktig naturtype. Myra er rasteplass for fugl, den er levestad for mange planter og dyr, rensar vatn, dempar flom og lagrar store mengder karbon. Regjeringa har styrka vernet av myr, og fra 2020 er det forbud mot nydyrking av myr.:

<https://www.sabima.no/trua-natur/myr/>

og <https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/naturmangfold/innsiktsartikler>

Det er tre myrpartier i planområdet. Det er sær viktig at dei ikkje blir skada ved ei evt. utbygging.

Konklusjon

Under punkt 4.15 i saksdokumentet «Planomtale - Detaljplan Kjelhovda (revidert 10/12-20)» står skrive korleis tiltakshavar (Arkitekthagen) vurderer innverkinga utbyggingsplanane har på det biologiske mangfoldet i planområdet: «I ei samla vurdering av belastningane på dei naturtypene som vert bygd ned, har ein komen fram til at naturtypene ikkje er unike for denne staden og at ei nedbygging ikkje vil føre til tap av biologisk mangfold». At tiltakshavar kjem fram til ein slik konklusjon overaskar oss ikkje, men konklusjonen er ikkje logisk. At det finst liknande naturtypar andre stadar, betyr ikkje at denne utbygginga ikkje vil føre til tap av biologisk mangfold. Ein slik, lite logisk tankegang fører til at denne naturtypen kan byggjast ned, så lenge same naturtypen finst ein anna plass i landet. Det vil føre til ein bit for bit-nedbygging som vil vera katastrofal for biologisk mangfold. Naturvernforbundet sitt syn er at realisering av denne planen, i det omfang, det er lagt opp til, vil føre til tap av biologisk mangfold i området. Den vil føre til auka ferdsel i villreinområdet, den vil forringe leveområda for fuglar og dyr i området, og den vil føre til drenering av myr. Det er eit heilt nytt fjellområde som nå blir bygd ned med kompakt hyttebebyggelse.

Naturvernforbundet ber kommunen om å stanse denne utbygginga. Kortsiktig økonomisk gevinst må ikkje få overstyre hensynet til natur.

Naturvernforbundet i Buskerud - Martin Lindal.

